



Hole Vvs AS
Hella 98
5936 Manger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/67 - 22/30015

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
19.04.2022

Godkjent røyrleggjarmelding - gbnr 137/806 Alver

Vi viser til røyrleggjarmelding datert 05.01.2022, og e-post med oppdatert situasjonsplan (VA-kart) motteke 20.01.2022, samt e-post av 12.04.2022 med målsett teikning av seksjoner.

Adresse byggeplass: Galteråsen 13 A-F – Gbnr 137/806
Type bygg: Industribygg/lagerbygg
Type arbeid: Tilknytning kommunalt vatn og avløp

Røyrleggjarmeldinga vert godkjend på følgjande vilkår:

Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.

Stikkleidningar skal opparbeidast i samsvar med søknad om sanitærabonnement.
Større endringar skal varslast underteikna. Ved behov for trykkauke/reduksjon visar vi til pkt. 2.1.3 i tekniske bestemmelser.

Tilbakeslagsikring:

Alle næringsbygg skal ha tilbakeslagssikring i h.h.t. NS.EN. 1717. Dette skal dokumenterast i ferdigmeldinga.

Vassmålar:

Alle nye næringsabonnentar skal ha montert vassmålar og betale etter faktisk forbruk. Vassmålar får ein ved å venda seg til VA-avdelinga på driftstasjonen på Stølen 7. Registeringskjema for vassmålar skal sendast inn saman med ferdigmeldinga. Vassmålar skal lesast av årleg av abonnent. Hugs å føra på skjema kva a-konto størrelse i m³ me skal leggja inn på kunde pr. år. Det må også komma tydeleg fram kven som er fakturamottakar/tiltakshavar og org. nr.

Ferdigmelding:

Når arbeidet er utført, skal det sendast inn ferdigmelding til kommunen med oppdatert situasjonsplan med innmålingsdata som bygd/sosifil. Situasjonsplanen skal visa rørføring frå bygg til tilkopling offentleg leidning.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

Det vil ikkje bli skrive ut ferdigattest for bygget/anlegget før ferdigmelding er godkjend.

Av omsyn til kunde er det viktig at ferdigmeldinga vert sendt inn straks arbeidet er utført. Dette for å unngå etterfakturering av kommunale gebyr.

Hugs at søknad om godkjend ferdigmelding må sendast inn i god tid før ein skal søkja om midlertidig bruksløyve og/eller ferdigattest.

Tilknytingsgebyr:

Gebyr vil bli fakturert etter gjeldande satsar. Vi gjer merksam på at arbeidet skal ikkje igongsetjast før gebyr er betalt. Rørleggjarfirma pliktar å undersøkja dette før oppstart.

Areal inkl. messanin = 1 264 m³

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Byggesak v/sakshandsamar Helland Gruppen Næringsbygg AS	Idrettsvegen 3	5936	Manger
---	----------------	------	--------

Mottakarar:

Hole Vvs AS	Hella 98	5936	Manger
-------------	----------	------	--------